



Arkiv nr:

Sak nr 42/2021

Møtedato: 24.11.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## Retningslinjer for tildeling av økonomisk støtte til private veglag

Fjellstyret støtta i mange år stølsvegane økonomisk. Imidlertid er det ikkje gjeve noko økonomisk støtte til stølsvegane dei siste 10 åra, delvis grunna dårleg økonomi hjå fjellstyret men og at stølsvegane har generelt fått ein god økonomi.

Det har innimellom vore tildelt støtte til private veglag utanom stølsvegane, dette gjeld til dømes Slettebergsvegen ved Øvre Nøsen. Siste åra har dei blitt tildelt følgjande:

SAK 33/2005: kr 18 000,- i tilskott av eit utlegg på kr 38 461,- (47 %)

SAK 15/2009: kr 20 000,- i tilskott av eit utlegg på kr 40 000,- (50 %)

Administrasjonen ser ingen grunn til å innvilge søknader frå stølsvegar anna enn i særskilde tilfelle. Dette då dei burde ha økonomi som går rundt. Det vil kunne vere meir viktig med private veglag som ikkje har eigen inntekt, særskilt dei som har ein viss mengde turist-trafikk

Det er ein aukande tendens til misnøye med turisttrafikk på slike private veger, ein kan særskilt nemne:

Veg til Halvorstølen

Veg til Kvitehaugen

Veg til Svult

Veg til Øvre Nøsen

Veg til Jaslangan

Det er og i samanheng med diskusjon kring veg til Halvorstølen komme forespurnad frå hytteeigarar om dei og kan stenge sin veg, noko som er ei uheldig utvikling.

I tidlegare saker har det vore stilt krav om at vegutbetring er planlagd av fylkeslandbrukskontoret. Imidlertid er ikkje denne ordninga aktuell lenger, så ein må då finne ein alternativ ordning for å kvalitetssikre tala for utbetringa. Så lenge det er frå ein av dei største entreprenørane i Vestre Slidre, bør det kunne vere greitt med eit kostnadsoverslag.

Det er viktig å sikre likebehandling så langt det let seg gjera, då slike saker ofte er ulike. Administrasjonen foreslår, under føresetnad at ein har økonomi til dette, at fjellstyret i utgangspunktet har ei positiv haldning til avgrensa tilskott til vegutbetring for dei vegar som ikkje har eigen inntening ut over andelshavarar sine egne innskott med egne midler.

Likevel bør det vere noko føresetnader, som administrasjonen meiner er følgjande:

- Vegen er i bruk av minst ein eller fleire stolar i drift
- Vegen har ein viss andel turist trafikk
- Det kan gjes tilsagn om inntil 50 % av kostnadsoverslaget, men vert ikkje utbetalt før det føreligg kvitteringar på utført arbeid der det gjes inntil 50 % tilskott ut i frå bilag på utført arbeide.
- Eige arbeid dersom aktuelt kan reknast med ein timespris på kr 350, same som for UKL søknader. Når det gjeld traktor/gravemaskin gjeld det vanlege satsar som elles.
- Det vert ikkje etablert bom/sperringar på vegstrekningen i ettertid. I så fall må tilskottet betalast tilbake.
- Det er etablert felles parkeringsplass/snuplass som opner for turistparkering

Det er og ein diskusjon om ein skal bidra med inntil 50 % dersom dette dreier seg om vegforsterkning grunna auka krav til vinterbrøyting. Dei fleste stader er turistkjøring løyst gjennom eigne avsette parkeringsplassar i tilknytting til stølsvegnettet, der det og er eige brukarbetaling for vinterparkering. Slik vintertrafikk vil i større grad berre gje gevinst for dei ulike hytter/stølar som får brøytt vegen inn til sin eigedom, medan sumartrafikken antakelig vil gje størst trafikkmengde knytt til «turisttrafikk».

Administrasjonen finn at ved slik standarheving til vinterbrøyting, bør det vere endå sterkare krav til problem knytt til turisttrafikk (også vinterstid) for at ein skal kunne gje tilskott inntil 50 %. Dette vil måtte handsamast konkret i kvar einskild sak.

Det er og eit spørsmål om det skal vere ein «pott» som er maks taket for kvart år der dei ulike veglag kan søkje om dette. Eller om det ikkje skal vere eit øvre tak, og at ein berre handsamer dei ulike sakene etter kvart som dei kjem inn.

Per i dag er det få saker, men etter kvart som dette vert kjent vil det kunne komme ein del fleire søknader. Ut i frå at det ikkje er mange saker pr i dag tilrår administrasjonen ingen «pott», men dersom det vert mange søknader kan dette innførast.

Med bakgrunn i dette tilrår administrasjonen innstilling til retningsliner.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret legg til grunn følgjande retningsliner for framtidige søknader om økonomisk støtte til private veglag utanom stølsvegar:

- Vegen er i bruk av minst ein støl i drift
- Vegen har ein viss andel turist trafikk
- Det kan gjes tilsagn om inntil 50 % av kostnadsoverslaget, men vert ikkje utbetalt før det føreligg kvitteringar på utført arbeid. Maks tilskott er kr 50 000,- pr veglag. Kostnadsoverslag skal utførast av entreprenør som på forhånd er godkjent av fjellstyret-administrasjonen.
- Eige arbeid dersom aktuelt kan reknast med ein timespris på kr 350 (i 2021), same som for UKL søknader. Når det gjeld traktor/gravemaskin gjeld det vanlege satsar som elles.
- Det er ikkje tillatt å føre opp bom/sperringar på vegstrekingen i ettertid. I så fall må tilskottet betalast tilbake.
- Det er etablert felles parkeringsplass/snuplass som tilrettelegg for turistparkering
- Forsterkning av veg for vinterbrøyting vil vanlegvis ikkje gje grunnlag for tilskott, men kan i særskilte tilfeller vurderast om det er særskilt turisttrafikk der vinterstid som ikke er løyst med parkeringsgebyr eller anna.

#### **Vedtak:**

Fjellstyret legg til grunn følgjande retningsliner for framtidige søknader om økonomisk støtte til private veglag utanom stølsvegar:

- Vegen er i bruk av minst ein støl i drift
- Vegen har ein viss andel turist trafikk
- Det kan gjes tilsagn om inntil 50 % av kostnadsoverslaget, men vert ikkje utbetalt før det føreligg kvitteringar på utført arbeid. Maks tilskott er kr 50 000,- pr veglag. Kostnadsoverslag skal utførast av entreprenør som på forhånd er godkjent av fjellstyret-administrasjonen.
- Eige arbeid dersom aktuelt kan reknast med ein timespris på kr 350 (i 2021), same som for UKL søknader. Når det gjeld traktor/gravemaskin gjeld det vanlege satsar som elles.
- Det er ikkje tillatt å føre opp bom/sperringar på vegstrekingen i ettertid. I så fall må tilskottet betalast tilbake.
- Det er etablert felles parkeringsplass/snuplass som tilrettelegg for turistparkering

- Forsterkning av veg for vinterbrøyting vil vanlegvis ikkje gje grunnlag for tilskott, men kan i særskilte tilfeller vurderast om det er særskilt turisttrafikk der vinterstid som ikke er løyst med parkeringsgebyr eller anna.

*Samrøystes vedteke*

*Dette er ikkje eit enkeltvedtak, og kan dermed ikkje påklagast jfr Forvaltningslova*

Vestre Slidre fjellstyre den 25.11.2021

Kenneth Monsen  
sekretær